

Fra: Sigbjørn Slåtten (sigbjorn@vossresort.no)
Sendt: 14.10.2015 10:37:55
Til: Kari Patricia Kleppe
Kopi: Øyvind Wæhle

Emne: SV: Voss Resort. Den nye Hangursbanen. Søknad om midlar til regionale utviklingsprosjekt 2015-2016.

Vedlegg:

Hei Kari!

Takk for hyggeleg telefonsamtale og gode råd i dag. Under er svar på dine spørsmål:

1. Når det gjeld bagatellmessig støtte søkte vi Innovasjon Norge 02.12.2013 om støtte til utvikling av marknadskommunikasjon via sosiale media. Søknaden blei innvilga 04.03.2014 med brutto kr 310 000,-
2. Den fysiske investeringa kjem frå og med 2. kvartal 2016. Dette omfattar byggestart på gondolen sin nedre stasjon og tilhøyrande bygg (500 kvm) på Voss Jernbanestasjon. Investeringa ligg i området NOK 30 mill.
3. Voss Resort AS har eit selskap under stifting som vil få ein opningsbalanse på NOK 15 mill. Dette selskapet vil stå for bygging av den nye Hangursbanen.

Finansiering første byggesteg:

Voss Resort AS	Egenkapital	10 mill
Hordaland Fylkeskommune	støtte (ca)	1,5 Mill
Konsernlån frå Voss Resort		5,0 mill
<u>Banklån 1. prioritert</u>		<u>13,5 mill</u>
<u>SUM</u>		<u>30 mill</u>

Treng du ytterlegare detaljeringsgrad gje meg eit ord.

Mvh Sigbjørn

Fra: Kari Patricia Kleppe [mailto:Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no]

Sendt: 13. oktober 2015 13:27

Til: Sigbjørn Slåtten

Emne: Voss Resort. Den nye Hangursbanen. Søknad om midlar til regionale utviklingsprosjekt 2015-2016.

Hei Sigbjørn Slåtten

Viser til min telefon til deg på fredag og i dag i samband med søknaden om tilskot frå Hordaland fylkeskommune frå midlane til unike regionale utviklings prosjekt.

Då de er eit privat as kan de søkja på desse midlane når kommunen ved ordførar støttar prosjektet dykkar. Søknaden er soleis kvalifisert men størrelsen på tilskot til vert regulert ut frå EØS-regelverket om statstøtte. Støtte kan tildelast som bagatellmessig støtte som utgjør samla offentlig støtte i ein periode på tre år på 200 Euro.

Eg treng frå dykk ein oversikt over kva de har motteke som bagatellmessig støtte for perioden 2013-2015 og 2014-2016.

Eg ber og om ein oversikt over kostnader i byggetrinn 1 for perioden 2015-2016 og finansieringsplan.

Venleg helsing

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Regional | næring

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 95 68 | Mob: 90993968
Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no